

# KYRKJEHELING


KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY

NR. 1 • JANUAR 2021 • 46. ÅRGANG

## *Digitalt 150-årsjubileum*

**Alle samkomer måtte avlysast akkurat då 150-årsjubileet for Gjerstad kyrkje skulle gå av stabelen. Jubileums-gudstenesta blei difor strøyma digitalt, slik at alle som ville kunne «delta».**

Side 4



**Historisk dåpsdag i Gjerstad**

Side 3



**Juleroser til påske?**

Side 12-13



**Frykt ikkje!**

Side 6-7

## KYRKJENE PÅ OSTERØY: TILSETTE / RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret, Lonevåg Senter, Lonevågen 5:  
Åpen alle dager; mandag til fredag,  
kl. 8.30-14.30.

Tlf. 56 19 22 80  
Epost: kyrkje@osteroy.kommune.no  
Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

### Tilsette:

Kyrkjevevje Edvin Bratli ,  
tlf. 56 19 22 80 / mobil 980 67 960

Sokneprest Stein Hugo Fykse, 56 19 22 87 /  
mobil 909 60 154

Sokneprest Jørgen Grmelid,  
mob. tlf. 976 29 020

Kantor Ivar Mæland,  
mobil 48182533

Konfirmantlærer Hilde Helen Trovåg,  
mobil 92408674

Sekretær (vikar), Hildegunn Hagebø-Vevle,  
56 19 22 86

Sekretær Miriam Kalland, (permisjon)  
tlf. 56 19 22 86

Organist Trent L. Bruner  
tlf. 56 19 22 84 / mobil 938 89 950

Trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad  
tlf. 56 19 22 85 / mobil 480 95 658

## KYRKJEHELING

Kyrkjelydsblad for Bruvik, Gjerstad, Hamre,  
Haus og Hosanger sokn.

Redaksjon for dette nummeret har vore  
soknerådsleiarane. Ansvarleg/kontakt for  
kyrkjehelsing denne utgåva:  
Åge Clausen. aacl@online.no

Stoff til neste nummer vert å sende til  
aacl@online.no

**Kyrkjehelsing nr. 2 2021** kjem ut torsdag  
18. mars. Frist for å levere lokalstoff er  
fredag 26. februar. Redaksjonen vert  
avslutta fredag 5. mars.

Layout og trykk: Molvik Grafisk



## Andakt



## Saman vil vi...



Når du les denne utgåva av Kyrkje-  
helsing, skulle Osterøy-kyrkja nett  
hatt bispevisitas (12.-14. og 17. januar). Grunna  
korona-pandemien er visitasen utsatt til mai, veke 18.

AV STEIN HUGO FYKSE

Det er ein del år mellom kvar visitas. Sist var i 2006. Ein bispe-  
visitas inneheld eit rikhaldig program. Det er mykje som skjer.

Visitasdagane skal, mellom anna, hjelpa oss til å sjå og reflektere  
rundt kva vi har, kor vi står – og sist, men ikkje minst, kva  
tankar gjer vi oss om vegen vidare for kyrkja på Osterøy.

Det er berre éin måte å vere kyrkje på og det er saman. Vi er  
avhengige av kvarandre. Av å «villa» i lag. Tenkja i lag. Føra ut  
i livet saman. Den vanskelegaste jobben er kan hende ikkje å  
presentere gode idear og tiltak, men å følgje opp – ilag.

Bispedømet vårt sin visjon er: «Saman vil vi ære Den treeinige  
Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje  
rettferd». Vi treng ein visjon, ei ledestjerne. Visjonen hjelper oss  
til å halde fokus.

Når vi kjem saman for å ære Gud, byggest Guds rike. Ved  
visitasen i 2006 tala dåverande biskop Ole D. Hagesæther om  
«kyrkjebenkenes embete». Det handla om kor viktig det er at vi  
kjem saman. Ja, det viktigaste kvar og ein av oss kan bidra med  
for å fremje Guds rike, er å samlast for å æra Den treeinige Gud  
i hans hus.

## Det blir gudstenester i alle kyrkjene i 2021

Kyrkjevevja håpa på eit under då heradsstyret skulle vedta  
budsjett for 2021 på slutten av fjoråret. Det var knytt stor  
spenning til om vi ville få det vi trengte for å halde hjula i gang  
eller om vi måtte redusere drifta. Heldigvis gjekk det bra.

Vi har fått midlar til drift av alle dei fem kyrkjene, vi skal klare  
å lønne medarbeidarane og dermed blir det både gudstenester  
og anna i kyrkjene, i kyrkjesenteret i Lonevåg og Kyrkjelydshuset i  
Haus. Det skal og bli mogeleg å ta godt vare på Hamre kyrkje, som  
treng eit strøk med tjærebreiing. Vi har og ønskjer å innfri i  
Gjerstad kyrkje og fleire mindre vedlikehaldsoppgåver ventar.

Det vi alle håpar på no er at vi snart skal vende tilbake til normalt  
liv etter koronaen og kunne samle folk til mange ulike arrange-  
ment. Vi vil så gjerne ønskje velkommen til mellom anna vaffeldag  
siste fredagen i månaden, til temakvelder med gode foredrag og  
sosialt samvær.

## Historisk dåpsdag i Gjerstad kyrkje



Det var ein stor dag i Gjerstad kyrkje andre juledag 2020. Theo Antun-Pentella vart døypt, samtidig som det var 104 år sidan grandtante Mina Raknes vart døypt i den same kyrkja.

Mina var omlag ein månad gammal då ho vart boren ned liene frå Antun og til kyrkja. To og eit halvt år gamle Theo gjekk sjølv opp til døypefonten på dåpsdagen sin.

På biletet – frå venstre: Theo, Astrid, Gerardo, Øydis, Mina, Marta, Olai, Wenche, Magne. (Tekst og foto: Brit Vevle Raknes)


## Oddvar Rune Teigland til minne

Heilt uventa døde Oddvar Rune Teigland søndag 22. november. Oddvar tok på seg å køyre ut kyrkjelydsblada på Osterøy då vi søkte etter ei ny løysing på distribusjon av desse. Dette starta han med i 2017, saman med Reidun Tvedt. Dei delte øya mellom seg, og fekk jobben raskt unnagiort. På slutten sto han aleine om dette arbeidet. For kyrkja på Osterøy var dette ei stor frivillig gåve. Han fekk berre dekt bensinutgiftene. Fem gonger i året brukte han fleire dagar på å finne alle postkassane til ostringane. Mange er godt gøymde, kunne han ofte fortelje. Var det nokon som sakna bladet, fekk han beskjed, og kørde eins ærend med det. Han var alltid positiv og i godt humør. Vi er lei oss for å ha mista ein god medarbeidar. Oddvar blei gravlagd på Gjerstad 4. desember.

Edvin Bratli, kyrkjevevje



## Kyrkjelydsblad på nett



På heimesida til kyrkjene på Osterøy ([www.osteroy.kyrkja.no](http://www.osteroy.kyrkja.no)) finn ein både det nyaste kyrkjelydsbladet og tidlegare utgåver av bladet. Vi vil i vår legge ut alle blad tilbake til år 2000. Vi snakkar då om omlag 100 kyrkjelydsblad. Dette betyr at du med eit par tastetrykk kan finne mange interessante

historier om prestar som kjem og går, om hendingar i kyrkjene, om arbeid som er utført på kyrkjer og gravplassar, om personar, oversiktar over både konfirantar og dei som har vore med på å feira at det er 50 år sidan dei blei konfirmert. I kvart nummer har det vore ein andakt, om du vil lese nokre? Det er mykje god historie i bladsamlinga. Den er lett å finne og lett å opne. Kos dykk.

Edvin Bratli

# Jubileumsfeiringa i Gjerstad kyrkje

Kyrkja vår er 150 år! Det skulle markerast med ei festgudsteneste og ein påfølgjande fest 22. november. Planane var klare, men så kom den ubedne gjesten – Covid 19.

TEKST: REIDUN VEVLE



**DELTOK PÅ JUBILEUMSFEIRINGA:** Det var ganske spesielt å starta ei gudsteneste i ei nesten tom kyrkje. Frå venstre: Tidlegare biskop Ole D. Hagesæther, soknerådsleiar Reidun Vevle og sokneprest Stein Hugo Fykse. (Foto: Øystein Skaug)

Alle gudstenester og samkomer måtte avlysast akkurat då jubileet vårt skulle gå av stabelen. Gode råd var dyre. Då er det godt å ha gode medarbeidarar som kan tenkja alternativt. Teknologien er heldigvis komen langt, og det vart bestemt at gudstenesta skulle strøymast direkte slik at alle som ville kunne «delta».

Det var ganske spesielt å starta ei gudsteneste i ei nesten tom kyrkje. Intrada (forspill) over «Herre Gud, ditt dyre namn og ære» blei spela av den nye kantoren vår, Ivar Mæland, og dette gav oss alle kjensle av høgtid.

Prost Øystein Skaug og soknerådsleiar Reidun Vevle ønskte så velkomen. Sjølv om kyrkjebenkane var tome, ønskte dei begge at det var mange som høyrde velkomstorda heime i stovene sine.

Ordføraren vår, Lars Fjeldstad, kom med helsing frå kommunen. Han la vekt på kor mykje kyrkja betyr for menneske i alle dei store hendingane i liva våre frå vogge til grav. Sjølv hadde han mange gode minne frå Gjerstad kyrkje.

Me fekk så vakker solosong av Cathrine Snipsøyr. Ho song «Å denne kilde» (Eivind Skeie/Sigvald Tveit) og «Pie Jesu» (Gabriel Fauré). Det er utruleg korleis vakker song og musikk kan løfta sinnet!

Tidlegare biskop Ole D. Hagesæther heldt preika. Han tala over Matteus 25, 31-46, der det mellom anna står at «*alt de gjorde mot ein av desse minste brørne mine, det gjorde de mot meg*».

«Guds ord er utrend i hjarto våre ved Den heilage Ande» sa Hagesæther. Han samanlikna hjarta vårt med eit tomt kar som Gud vil fylla med sin kjærleik. Når karet er fullt, renn det over, og Guds kjærleik får betydning for mange fleire menneske – for dei som svelt og tørstar, for einsame, sjuke og forfulgte. Det er slik det var meint. Gudskjærleiken skal me ikkje behalda for oss sjølv! Karet vårt skal skvulpa over!

Til salmesongen fekk me hjelp av ei forsongargruppe, og Tone Hetlevik spela althorn saman med kyrkjeorgelet. Trent Bruner og Ivar Mæland delte på å spela til salmane. Postludiet, Egil Hovlands toccata over «Nå la oss takke Gud», sette eit mektig punktum for gudstenesta.

Så var faktisk heile jubileet over! Festen på Grønskaret må venta til ein annan gong. Me lever i ei meir og meir sekularisert tid. Det er likevel vårt håp at mange ostringar i åra som kjem vil søkja Guds rike. Me skal feira fleire jubileum for Gjerstad kyrkje!



**KJEMPER MOT MODERNE SLAVEARBEID:** Ifølge Norges Kristne Råd lever rundt 40 millioner mennesker under slaveliknende tilhøve. (Foto: Global Uke)



Menighetsbladet har i over eit år fokusert på miljøspørsmål på denne sida. Vi håpar det har vore til inspirasjon og vil fortsette med denne faste sida. Vi ønsker å utvide fokuset litt og ta med rettferdstema også. Rettferd for både menneske og jorda vår. Bli med oss og lat deg engasjere!

# Moderne slaveri

Mange kyrkjer har markert Global Veke denne vinteren. Det er eit initiativ frå Norges Kristne Råd med mål om å engasjere grasrota til å kjempe mot moderne slaveri.

TEKST: HELEN TOPPE

Moderne slaveri vert definert som situasjonar der menneske vert utsette for grov utnytting, tvang og kontroll gjennom maktmisbruk, manipulasjon, trusler, vald og krenkingar – utan fridom til å forlate situasjonen.

I Noreg er billeg arbeidskraft og prostitusjon dei største problema. Vi risikerar å indirekte støtte moderne slaveri ved å kjøpe varer produsert av fabrikkansatte utan rettar.

Moderne slaveri er forbudt i alle land, men finst diverre over alt. Ifølge Norges Kristne Råd lever rundt 40 millioner menneske under slaveliknande tilhøve.

Slike voldsomme tal kan lett ta motet frå oss. Korleis kan eg hindre at barndom vert ofra i klesfabrikkar i verda? Korleis kan eg hindre at gjeldsslavar jobbar for lite og ingenting i løn, stua saman i små bustader? Korleis kan eg hindre at sårbare medmennesker vert lurt inn i prostitusjon og pornoindustri? Kva kan EG gjere?

Ikkje redde heile verda, men ta eit overkomeleg steg som kan gje meirsmak og motivasjon til å ta fleire og større steg. Hugs at «Å gjera det som er rett og rettferdig, er meir verdtt for Herren enn offer» (Ordsp. 21,3). Her er nokre forslag til kva du kan gjere:

- Unngå bruk av svart arbeidskraft.
- Spørje i butikkane kvar vara er produsert og kva tilhøve arbeidarane der har. Spør og mas til dei er nøydd til å spørre sjefen – som blir nøydd til å sjekke.

- Unngå bruk av pornografi og prostitusjon.
- Er du skrivefor, skriv gjerne lesarinnlegg.
- Er du politisk interessert og aktiv, bruk stemma di i partiet ditt.
- Ha augene opne for menneska rundt deg. Moderne slaveri skjer i Noreg også!
- Ta opp temaet i bibelgruppa.
- Søk kunnskap om temaet på nettsider som Menneskertilsalgs.no, Hope for Justice Norge, Kirkens Nødhjelp og globaluke.no. Det finst mange andre organisasjonar som jobbar med denne tematikken.
- Spør i kyrkja di etter Bærekraftsboka og heftet Moderne Slaveri frå Norges Kristne Råd/Global uke.

Kjelder: [norgeskristnerad.no](http://norgeskristnerad.no) og [globaluke.no](http://globaluke.no)

## Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina

### v/Tro-Håp-Kjærlighet

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00  
v/Lærerhøyskolen på Breistein, Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70 • [www.thk.no](http://www.thk.no)



**BIBELORD TIL TRØYST:** – Eg håpar at folk har funne den trøysta som det kan sjå ut som dei har leita etter, i og med at så mange har søkt seg til bibelverset frå Jesaja, seier Øystein Skauge. – Dette er eit nøkkelord akkurat no. Er det noko eg som prest har lyst å seie til folk, så er det at dei ikkje treng å vere redde.

– Me kviler i hendene på ein som er sterk nok til å bære oss, seier Åsane-prost Øystein Skauge, som i likskap med svært mange finn både trøyst og styrke i eit velkjent bibelord frå profeten Jesaja.

---

TEKST OG FOTO: MAGNE FONN HAFSKOR

---

Fjorårets mest leste bibelvers var frå profeten Jesaja: «*Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand*» (Jes 41:10).

Øystein Skauge meiner at dette klårt viser korleis folk vender seg til Gud i vanskelege tider; kanskje spesielt i det året me no har lagt bak oss – med ein pandemi som har tvinga heile samfunnet i kne.

– Mange er redde. Eg kan sjå det på kroppshaldninga til folk; på måten dei oppfører seg, og det gjer veldig inntrykk på meg – fordi eg ikkje er redd sjølv.

Prosten sa det same sist eg snakka med han (sjå kyrkjelydsblad nr. 3 frå i fjor), og understreka då at han var førebudd på at han kunne bli så sjuk at han kunne døy dersom han blei smitta med Covid-19. «Men samtidig så må eg leve» sa han.

– Eg veit at eg kan bli sjuk, og eg veit om konsekvensar av underliggjande sjukdom og alderen min. Likevel er eg ikkje redd, gjentek han no.

– **Men du held vel sosial avstand til andre?**

– Ja. Og eg meiner det er rett det eg las på ein plakat i ein

butikk i dag: «Bruk gjerne munnbind, men det er viktigare å halde avstand». Sjølv satsar eg meir på avstand enn på munnbind. Det brukar eg berre når eg må.

I midten av januar 2021 er det i underkant av 500 menneske som så langt har døydd av Covid-19 i heile landet vårt.

– Det er berre så vidt fleire enn dei som døydd, berre i Åsane prosti, gjennom 2019, seier han – og legg til at denne sjukdommen ikkje har ført til at det samla talet på dødsfall har gått opp i vårt land.

– Det som kanskje har vore verst, er at både pårørande og sjuke har vorte skilde frå kvarandre på ein dramatisk vond måte gjennom pandemien. Det har vore veldig leit. Men statistisk er det altså ikkje mange som har døydd av denne sjukdommen.

– **Ja, fordi me her i Noreg har vore flinke og gjort dei rette tiltaka. Sjå på USA eller Sverige.**

– Ja, vonleg er det difor. For dei som har mista nokon av sine nære, så er det sjølv sagt sørgjeleg, men prinsipielt er det ikkje annleis enn når mange dør av heilt ulike sjukdomar kvart einaste år, seier Skauge.

– Personleg har eg forretta i mange gravferder, og eg veit ikkje om nokon som har døydd av Covid-19. Me ser tala. Det har vore snakk om stor auke i smittetilfelle, men her i Bergen – ein by på i underkant av 300.000 innbyggjarar – ligg talet på døde så langt rundt 60. Det er ikkje veldig mange, men det er sjølvsagt mange nok til at me må ta dette på alvor.

Den norske kyrkja har teke dette på alvor, og halde seg strengt til smittevernreglane etter kvart som dei har blitt oppdatert og endra. Er du sjuk, så må du halde deg heime, og når du kjem til kyrkja skal du sprite deg på hendene og halde avstand. Kan du ikkje halde avstand, så skal du bruke munnbind.

**– Kva tenkjer du om konsertar i kyrkjene?  
Kulturtilbodet i kyrkjene ligg jo nede, mellom anna på grunn av regelen om fastmonterte seter.**

– Det er kanskje det som me i Den norske kyrkja, like opp til leiinga, har reagert sterkast på. Regelen kan verke meningslaus og heilt ubegripeleg. For mange, meg sjølv inkludert, er dette med på å undergrave respekten for det som kjem frå styresmaktene.

– Eg har heile tida sagt at me skal ha tillit til styresmaktene, og at me skal respektere dei påboda som kjem, sjølv om me er ueinige – men det er klart at dei strekkjer strikken langt når dei kjem med ting som ikkje er mogleg å forstå.

Kort før jul tok biskopen i Bjørgvin, Halvor Norhaug, opp det han oppfatta som ei sterk forskjellsbehandling gjennom eit lesarbrev til Bergens Tidende. Her stilte han seg mellom anna kritisk til kvifor ikkje fastskrudde kyrkjebenkar kunne reknast som 'fastmonterte seter', slik at Domkyrkja kunne ta imot inntil 200 personar til julegudsteneste – på lik linje med andre kulturarenaer.

«Vi hører at myndighetene argumenterer med at folk kan skli frem og tilbake på en kirkebenk og ikke holde seg til sine markerte plasser. Har noen observert en utbredt praktisering av slike skliøvelser i kirkebenkene?» skreiv han mellom anna i det sterkt retoriske og svært leseverdige innlegget.

På grunn av dei strenge reglane måtte 150-årsmarkeringa for Gjerstad kyrkje 22. november gjerast noko annleis enn ein hadde tenkt. «Det blei slik no i koronatida, at me ikkje kunne ta inn meir enn 20 personar til ei gudsteneste. Men alle kan

*få sjå denne på nett»* beklaga Osterøy kyrkjelege fellesråd på nettsida si.

Jubileet blei i staden feira ved at biskop emeritus Ole Danbolt Hagesæther, ordførar Lars Fjeldstad, prost Øystein Skaug, sokneprest Stein Hugo Fykse, kantor Ivar Mæland, songar Cathrine Snipsøyr, musikal Tone Hetlevik (althorn) og nokre til samla seg i kyrkja, og så blei det heile strøyma digitalt.

– Det er ikkje slik ein skal feira eit kyrkjejubileum, medgjev Skaug.

**– Men for å lyfta blikket, så kjem det no vaksine, og samfunnet kan langsamt opna opp igjen.**

– Ja, og difor må me med glede ta mot tilbødet om vaksine så snart alt er klart for det, seier han, samstundes som han åttvarar mot konspirasjonar som vaksineskeptikarar deler.

– Det er reine ulukka at nokre av desse prøver å grunnge slik skepsis og slike teoriar med kristentru og teologi. I mi tid som prest kan eg ikkje hugse å ha møtt noko som så klart må avvisast som rein vranglære.

**– Kva erfaringar frå fjoråret meiner du det kan vere verd å ta med seg vidare?**

– Noko me lærte mykje av er dette med digitale gudstenester. Det skal me fortsetja med, men eg tenkjer at det me produserer ikkje bør vere for langt. Me har berre godt av å øve oss på å formulere oss kort og konsist.

**– Det er kanskje først til påske at samfunnet blir gjenopna, ei tid der kyrkja står svært sentralt – med opne kyrkjer, gudstenester og konsertar.**

– Konsertar og kultur er sjølvsagt viktig, men for kyrkja er gudstenestene – og ikkje minst det å ha nattverd saman – det aller viktigaste. Kulturbiten er også viktig, men den er ei B-sak samanlikna med A-saka vår – som er forkynninga.

**– Sokneprest i Åsane, Arne Mulen, sa sist (sjå fjorårets kyrkjelydsblad nr. 4) at det uansett, korona eller ikkje, skal vere trygt å kome til kyrkja.**

– Ja, det skal vere trygt, og det er trygt. Me har ingen eksempel her hjå oss på at ting ikkje har vore trygt. Dette gjeld både det diakonale arbeidet, barne- og ungdomsarbeidet og sjølvsagt det meir kulturelle med song og musikk. Men kjerna i kyrkja sitt arbeid er og blir gudstenestene. Det er sentrum.

Åsane Senter • Sletten Senter

Alltid en anledning!

**TOPPE BLOMSTER**

www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00 - fra hjerte til hjerte

www.eidsvaagauto.no – Følg oss på Facebook

**EIDSVÅG AUTO AS**

Aut. bilverksted • Karrosseri

Lakkeringsverksted

Eidsvågbakken 21 - 5105 Eidsvåg

**Tlf. 55 25 10 20**

MEGA CAR SERVICE  
GODKJENT VERKSTED

**Begravelsesbyrået for byen og distriktet**

**Solstrands**

Begravelsesbyrå as

www.solstrands.no

post@solstrands.no

**DØGNVAKT • 55 55 16 16**

Vår erfaring – din trygghet

Medlem av  
**VIRKE GRAVERD**

*Åsane* DØGNÅPEN  
BEGRAVELSESBYRÅ TELEFON  
55 18 90 00

OMSORG VED LIVETS SLUTT

WWW.ASANELEGRAVELSE.NO  
BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05 | HILDESBLOMSTER.NO  
VI LEVERER BLOMSTER FRAKTFRITT TIL  
ALLE VÅRE SEREMONIER

*Abbedissen*  
begravelsesbyrå as

Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90  
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

[www.abbedissen.no](http://www.abbedissen.no)

*Arna*  
GRAVFERDSBYRÅ

Vi kan hjelpe til med  
rådgivning og tilrettelegging  
ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 24 08 08  
[www.arna-gravferdsbyraa.no](http://www.arna-gravferdsbyraa.no)  
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

**Koba Christensen**  
BEGRAVELSESBYRÅ

130 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** [post@koba.no](mailto:post@koba.no), [www.koba.no](http://www.koba.no)

**Dåp, konfirmasjon eller bryllup?**  
Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!

**f Løiten Lys Bergen for mer informasjon.**

*Vi holder til på  
Åsane Storsenter,  
bygg A, 2.etg.*

**Løiten Lys Bergen**

[www.loiten-lys-bergen.no](http://www.loiten-lys-bergen.no)

HVORFOR BETALE MER FOR  
SAMME TJENESTER?

VI HAR FASTPRIS PÅ  
SEREMONI, SOM  
INKLUDERER ALT  
DU TRENGER

**BERGEN  
GRAVFERDSHJELP**

DØGNVAKT 55 98 80 00

BERGENGRAVFERDSHJELP.NO  
LUNDHAUGEVEIEN 14, 5221 NESTUN

**Det er ingen  
selvfølge at  
noen ordner  
bursdagsgave**

Tusenvis av barn i Norge opplever at  
det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med  
alkohol- og rusproblemer?

Send **VIPPS** til **13130** (valgfritt beløp)  
Send **SMS "BK VENN"** til **2210** (kr. 100)



**VI TRENGER FRIVILLIGE.**  
Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser  
på telefon og internett, likevel er det en av tre  
som ikke får svar.

**Les mer og meld din interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)**

**KIRKENS  
SOS**

Å snakke med folk om livet gir mening.

 **ADVOKATGRUPPEN BERGEN**

- Arv/gaver • Familie • Ektepakter • Samliv
- Kontrakter • Kjøp/salg • Trafikk- og transportrett.

**15 prosent rabatt til nye klienter fra Arna, Åsane  
og Osterøy! Hjemmebesøk mulig.**

Sandviksbodene 1H-Slaktehuset, 5035 Bergen • Telefon: 920 41950  
E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no) • [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)

**JC INTERIØR**

**Kjøkken • Bad • Garderobe**

Salhusveien 55, 5131 Nyborg  
Tlf. 55 53 98 40  
[www.jcinterior.no](http://www.jcinterior.no)

Besøk en av Norges største shop in shop

**LENE BJERRE DESIGN**

# Krybben, katten og koronaen

Det virker som om denne spesielle tiden vi nå lever i gjør alle tradisjonene enda viktigere enn ellers, det faste gode – alt vi ikke behøver å gi slipp på – både for mennesker og dyr.

TEKST OG FOTO: THRUDE DEISZ



**KATTEN VOKTER KRYBBEN:** Noen kan kanskje oppfatte katten i planten som litt blasfemisk, der han troner så stolt. Men jeg tror han markerer at han hører til der. Han vil ha nærhet og varme akkurat som vi andre – selv om han ikke går med rundt juletreet, slik riesenschnauzeren vår i sin tid gjorde.

Det var faktisk Husbonden som hadde æren for at julekrybben kom på sin faste plass også i år. Lenge før jul var jeg nemlig – i forsøket på å få mer «luft» i vår møbelstinne stue – i full gang med å tømme og flytte et lite bokskap. Da hørte jeg stemmen bak meg:

«Hvor har du tenkt å plassere krybben, da?» Det var *han* som tenkte tre trekk frem, og sparte meg for dobbelt arbeid. Jeg hadde ikke tenkt.

Så krybben kom atter på plass i østveggskapet – slik den pleier. Selv katten vår anerkjente snuoperasjonen – for han kneiste plutselig i enden av blomsterkassen, nærmest innhyllt i den store gamle «hoyaen» (*hoya carnosa* eller porselensplante», red. komm.) og så ut som om det var hans selvfølgeligelige rett.

En tobent liten pusunge hadde antakelig ryddet litt i krybben, for De hellige tre kongene skygget for Maria, og vi kunne ikke

se Jesusbarnet. Jeg tok ikke sjansen på å flytte på noe der og da; var redd kattedyret skulle gå vekk før jeg fikk tatt bildet. Men vi vet at Jesusbarnet *er* der. Vi feiret at han kom til jorden, og vår egen kohort – som talte 12 + baby – gikk lykkelig rundt granen og sang «Jeg er så glad hver julekveld» i år også.

Nå håper og tror vi at det skal bli et godt nytt år – med bevegelsesfrihet, åpen kirke og normale fellesskap. Inntil da får vi bruke hodet og telefonene våre, følge forskriftene, folde hendene og ha hverandre med i tanker og bønner. Velsignet nytt år med helse, fred og frihet for alle!



## I ÅSANE KIRKE

### Babysang for de minste

► Mandag og torsdag kl 12.00

Kom og bli med på babysang i det flotte kirkerommet i Åsane kirke! Sammen synger vi velkjente barnesanger og regler. Sangene gjør vi levende ved hjelp av bevegelser og sansestimulering.

### Aktiviteter for de større

- Løvegjengen (4-åring)
- Førskolegruppe
- Formingsaktiviteter
- Leker og materiell
- Lekerom og gymrom
- Snekkerbod

### Andre aktiviteter og fellesarrangementer

- Felles samlingsstund
- Karneval og julefest
- Turdager/utfukter
- Åpne familiedager
- Internasjonal dag
- Babymassasjekurs

**Mer informasjon?** Se vår facebookside «Stjernen åpen barnehage», Instagramkonto stjernenaapenbarnehage eller hjemmesiden til Åsane menighet.

Her finner du info om hva som skjer i tiden som kommer. Har du spørsmål? Kontakt styrer Kate E. Bølstad på kb287@kirken.no eller 917 24 471. *Hjertelig velkommen!*

**HAR FÅTT RENT VANN I LANDSBYEN:**  
Susan Miyambo trodde aldri at hun skulle få rent vann, men nå som hun har fått det kan hun bruke mer tid sammen med barna sine.



# *Susan måtte drikke vannet hun vasket klær i*

For seksbarnsmoren Susan Miyambo (35) var rent vann kun en fjern drøm. Alt vannet hun trengte til mat, drikke og klesvask måtte hun hente i en skitten elv.

---

AV ANETTE TORJUSEN/KIRKENS NØDHJELP

---

Vi er i landsbyen Kasaulo i Zambia, i et område hvor flere tusen flyktninger fra Kongo har søkt tilflukt. Her bor Susan sammen med de seks barna sine i et lite hus med strå på taket.

### TUNGE KANNER

Med høner som flakser rundt bena hennes, et barn på armen og et som holder i skjortekanten, forteller hun om timelange gåturer for å hente vann før de fikk rent vann til landsbyen.

– Mangel på vann ga oss mange helseproblemer. Elva var vår nærmeste vannkilde, og den var både skitten og full av bakterier. Vi var veldig ofte syke, forteller hun.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Flere timer måtte hun bruke for å hente rent vann. Det var det ikke alltid tid til med seks barn å ta seg av.

Derfor ble vannet fra elva ofte den enkleste løsningen.

Vannet hun vasket klær i, drakk, badet barna i og lagde mat med. Vannet hun delte med dyr og insekter.

– Vi måtte gå store avstander for å komme til vannkilden, og det var vanskelig for familien min å få det til, forklarer hun.

### EN BRØNN SOM ENDRET ALT

Susan tar oss med inn i huset sitt, der de er mange på liten plass. Litt av plassen er satt av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaken, kassava, som smaker nesten som en potet.

– Her ser du litt av inntekten min, smiler hun.

For salg av både fisk og kassava gir ekstra penger til storfamilien. Hun peker på de fargerike vannkannene som står ved matlagingsplassen.

– Nå trenger vi ikke lenger å gå langt for å hente vann. Takket være Kirkens Nødhjelp har vi fått rent vann i landsbyen. Det er vi takknemlige for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggere, er en av mange som har fått tilgang til vann av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 boret vi en brønn. Det er viktig for oss at hele landsbyen får eierskap til vannsystemet vi bygger. Derfor samarbeider vi tett med våre lokale partnere og vanningeniører.

Innbyggerne er med på tilrettelegging, og velger en egen komite som vedlikeholder og har ansvar for vannforsyningen.

### FRYKTER KORONA-PANDEMIEN

For Susan er det nå bare en kort tur bort til brønnen, som er omringet av kanner klare til å fylles opp.

– Nå kan jeg gi familien min rent vann. Det er jeg så glad for, stråler hun.

Men selv om Susan ikke lenger er bekymret for å bli syk av skittent vann, har hun en annen stor bekymring. En bekymring hun deler med resten av verden: Covid-19.

– Jeg er redd for å bli smittet når mange av oss er samlet, og jeg frykter for barnas og mitt liv. Covid-19 er virkelig og utgjør en fare for oss alle, sier hun.

Spesielt er hun bekymret for lange køer ved vannpumpa. For i landsbyen er det mange som setter pris på rent og trygt vann, og etterspørselen er derfor stor.

– Min oppfordring er at det bores enda flere brønner for å møte etterspørselen, slik at enda flere får tilgang til rent vann og vi kan ha god avstand for å unngå smitte.

## Fakta



### Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

- Hvert år gjør konfirmanter i hele Norge en kjempeinnsats under Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.
- De blir med som bøssebærere og samler inn penger til blant annet rent vann og sanitærartikler til barn, ungdom og voksne i krise.
- Norges nest største innsamlingsaksjon gir akutt hjelp til mennesker i nød, også under korona, og engasjerer menigheter og frivillige over hele landet.
- Årets fasteaksjon gjennomføres 21.-23. mars som en dør-til-dør og digital aksjon.
- Mer informasjon: [kirkensnodhjelp.no](http://kirkensnodhjelp.no)

**VED VANNPUMPEN:** Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utenfor huset til seksbarnsmoren. Tilgang til rent vann har forandret livet hennes.



# Juleroser til påske?

**Juleroser (helleborus niger)** er en hagestaude som blomstrer om vinteren. Den forekommer i ulike farger, men det er den hvite som forbindes med julehøytiden. Gjør du noen enkle grep, kan du glede deg over dem lenge etter at du har «ryddet julen ut».

TEKST OG FOTO: ANNE TAFJORD-KIRKEBØ



## Blomsterprakt i høytidene

En ny serie om blomster som hører bibelens høytider til, enten fordi vi bruker dem da eller fordi de har navn som forbindes med den høytiden.

**GIR LIV TIL UTEPLASSEN:** Mange bruker julerosen i ulike utendørs sammensetninger. Her er de plassert rundt og oppå et bord, med en hagebenk som en fin ramme rundt tablået.



Avhengig av temperaturen kan julerosen blomstre fra november til april i våre hager på milde deler av Vestlandet.

Julerosen liker kalkrik jord, da den kommer fra kalkrike områder i Sør- og Mellom-Europa. Den tilhører soleie-familien, og alle deler av blomsten er svært giftig – også for dyr! «Niger» i det latinske navnet viser til rotstokken, som er svart og blir brukt i homeopatmedisin.

### FORSIKTIG MED VANNINGEN!

Egentlig er dette en staude som liker seg best i kjølige omgivelser, mellom fire til tolv grader. Men hva da med julerosene vi kjøper inn i adventstiden, og som vi setter i en varm stue? Rådet er å plassere dem lyst om dagen og svalt om natten. Ikke for mye vann! Julerosene gir klar beskjed når de er tørste, da henger de med hodene. Det beste er å følge med og gi dem vann før hodene begynner å nikke nedover.

Mye lys er viktig! Mange har julerosen som pynt på julebordet. Ønsker du å bruke bare selve blomsten, kan du kutte den av like under stilkfestet og la den flyte i vann – kanskje sammen med flytelys. Da klarer den å ta til seg vann, det klarer den ikke som avskåret.

Bruker du den på bordet som potteplante, bør du sette den kaldt om natten. Det går fint, men ikke glem den der! Sett den kjølig når bordet er ferdig, så har du den vakker riktig lenge. Selv har jeg begynt å dusje juleplantene mine i stedet for å vanne dem. Vi har det varmt inne – som de fleste, tenker jeg – og den tørre luften er ikke god for plantene. Dusjing har i hvert fall mine juleroser satt stor pris på.

### PÅSKEKLOKKER I HAGEN

Har du en ledig krukke som mangler blomster i vinterhalvåret? Da kan du gjerne plante juleroser, for eksempel X-mas



**«ANNA'S RED» I HVIT SNØ:** Nesten uvirkelig med så store vakre blomster i snølandskap. De klarer seg bra, om det er godt drenert og ikke surt jordsmonn.

*Carol*, som har pent blågrønt bladverk og kompakt vekst. Kremhvite blomster på rødlig blomsterstengler. Etter hvert som blomstene eldes får de et vakkert rosa fargeskjær. En av flere gode sorter i serien Gold Collection.

*Helleborus orientalis*-hybridene blomstrer mot påske, og oppfører seg litt annerledes. Denne sorten kalles «påske-klokker» på dansk.

